

Full korkafé



«DEI LYSTIGE DVERGAR»: Turid Eknes, Kari Sauer og Eva Kristin Bakke underheldt med lystig dans.



KLASSIKARAR: OsterKlang framførte mellom anna fleire gamle slagarar frå femti- og sekstialet.



ABLEGØYER: Inger Helen Midtgård (biletet) og Anne Rose Westervik hadde humoristiske innslag.



PENGAR: Skjelvik er døme på ein gard på Sletta som vart bygd opp med pengar frå Amerika. (Foto: Privat)

Amerikagardar og amerikabrev

RADØY: Vestnorsk utvandringscenter vil i vår setja fokus på Amerikagardane på Sletta, og dei etterlyser folk som har amerikabrev.



Av Livar Aksnes
livar@strilen.bo

Fleire gardar på Sletta vart rusta opp med pengar frå folk som hadde utvandra til Amerika. Asbjørn Ystebø har lagt ned eit storarbeid i å kartleggja desse Amerikagardane, og har nett offentleggjort ein artikkel om dette i Vestnorsk utvandringscenter sin skriftserie. Og søndag 13. mai, på den offisielle opninga av sommarsesongen for senteret, vil han leia ei guida vandring rundt til dei ulike Amerika-gardane på Sletta.

Brev og

Men Utvandringscenteret vil i år og setja fokus på amerikabrev, som spela så stor rolle for utvandringa til Amerika. Viss folk sit inne med amerikabrev eller gamle foto frå Amerika, vil senteret

gjerna ha dei inn. Dei som ikkje ønskjer å gje breva og fotografia til senteret, kan få dei scanna og levert tilbake. Også denne innsamlinga vert markert på opningsdagen.

Flyttfuglar

Men vårsesongen opnar alt onsdag 18. april. Då opnar utstillinga til Amy Lightfoot av tresnitt med fuglar som motiv. Og biolog Nils Røv vil snakka om migrantar med fjør.

Elles vil sommaren verta prega av at senteret i år kan feira 15-årsjubileum. Det vert framføring av sogespelet «Amerikafeber», det vert temautstilling om Rom-folket, kurs i amerikansk flintslåing og sjøvsagt Utvandringsfestival med rikholdig program.

I sommar vert det og nyopning av utstillinga om 99. bataljon i den vesle lærarbustaden. Og til hausten vert det tema om «Førestellingar om Amerika»

Årsmøte

Alt 15. mars vert det årsmøte i Veneforeininga i Radøystova. Der vert det musikk av folkemusikaren Annlaug Børsheim og informasjon om planane for sesongen. Møtet er ope for alle interesserte, men sidan det er matserving, må utvandringscenteret ha beskjed på førehand frå dei som kjem.



TREKKFUGLAR: 18. april kjem biolog Nils Røv til Radøystova for å snakka om trekkfuglane våre.